



Sandøy Byggservice As  
STOREBOTN NÆRINGSPARK 55B

5309 KLEPPESTØ

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Svein Marken	952 12 653	2021/1787-8		04.11.2021

## RAMMELØYVE (TO-TRINNSØKNAD) – delegert vedtak

Tiltak:	Fritidsbustad
Gnr/bnr:	27/32
Byggestad/adresse:	Netlandsvegen, 5635 Hatlestrand
Tiltakshavar:	Sissel Sandøy og Jan Ove Berntsen, Florvågvegen 118, 5305 Florvåg
Ansvarleg søkjar:	Sandøy Byggservice AS, Storebotn Næringspark 55B, 5309 Kleppestø
Matrikkel:	BRA: 112m <sup>2</sup> BTA: 118m <sup>2</sup> BYA:152m <sup>2</sup>

### Delegert vedtaksnr.: 2021/638

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-3 vert søknad journalført 30.09.2021/04.11.2021 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, kontrollplanar og ansvarsrettar for;

- Sandøy Byggservice AS

### Vilkår:

1. Det vert ved røyrleggjarfirma søkt kommunal eining vatn og avløp om tilknytingsløyve til offentleg vatn og avløpsanlegg før søknad om igangsetjingsløyve.

**Tiltaket kan ikkje igangsetjast før det ligg føre igangsetjingsløyve. Søknad om igangsetjingsløyve må sendast særskilt til kommunen jf. pbl § 21-2.**

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og pbl § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

### Grunnlag for løyvet

- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp, tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav og tekniske krav .
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla.
- Ansvar: Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.
- Estetikk: Tiltaket har grei utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Ingen registreringar i området.

### Merknader

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsla utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for saksbehandlorgebyr ifølge vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om igangsetjingsløyve må sendast kommunen i samsvar med rammeløyvet ovanfor vedlagt eventuelle detaljteikningar, ansvarsrettar og gjennomføringsplan. Tiltakshavar kan velja å dela opp igangsetjingsløyve, jf. pbl § 21-2. Det vert rekna gebyr for kvart igangsetjingsløyve.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **[www.dibk.no](http://www.dibk.no)**

*For kommunedirektøren i Kvinnherad*

Svein Marken  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

#### Kopi til:

Tiltakshavar  
Referatsak forvaltningsutvalet  
Matrikkelen  
Sektor for miljø og teknikk  
Førebyggjande brann v/feiar